

Sak: 39-19. Konsekvens av vedtak i MD vedkomande tilskot til nedgravne avfallsanlegg

Tilråding til vedtak:

1. Styret vil vise til vedtak i MD vedkomande nedgrave anlegg, og gjer om inkje vedtak i sak 29-18. Tilskot til etablering av nedgrave anlegg.
2. Vedtaket i punkt 1 skal forståast slik at sameiger / avtalepartar som har fått tilbod frå VØR i god tru og før dette vart kjent, får anleggstilskot på vilkår av at dei nyttar seg av tilbodet med avtale i 2019.
3. For andre anlegg det vert gått inn driftsavtale om, må investeringskostnaden dekkast av utbyggjar / anleggseigar uavhengig av om dette er anlegg som vert etablert for eksisterande sameiger, eller anlegg som vert etablert for nye sameiger / avtalepartar.
4. Investeringa og anleggstilskotet skal frå og med 2019 rekneskapen først i investeringsrekneskapen som før, på konto for næringsrekneskapen. Drift først i driftsrekneskapen på hushaldning.
5. Styret ber om at retningslinene vert oppdaterte på heimesidene i tråd med vedtaket i punkt 1, snarast råd.

Saksutgreiing

Styret gjorde slikt vedtak i sak 29-18:

1. Styret godkjenner vedtekter for nedgravne avfallsanlegg datert 18.09.18. Vedtaket er gjort i medhald av forskriftene § 2, tredje ledd.
2. Stønadsatsen vert fastsett til kr 15.000,- pr. brønn.

Styret sitt vedtak i 2018 løyste ut etablering av fleire nedgrave anlegg. Men dette vedtaket må no gjerast om inkje utifrå uttale frå MD. Sjå vedlegg til saka.

Det er openbart at MD ser på disse utbyggingane som del av sentrums/ byutvikling, og ikkje som naudsynt utstyr til oppsamling av avfall.

Vi er fleire som reagerar på dette og forstår det heller ikkje. Kvar skal ein sette grensa? Ein stålcontainer på 8 m³ oppe på bakken à la 1980 går. Men ei stålcontainerløysing nedgrave frå 2020 går ikkje. 8 m³ stålcontainerar var og moderne i 1980.

Men det hjelper ikkje. Definisjonsmakta ligg i samspelet mellom Søre Sunnmøre Kommunerevisjon og MD.


VØR har ei utfordring ved at vi i god tru har gitt tilbod til fleire sameige om dette, og der tilboda er til handsaming i dei enkelte sameiga / hos avtalepartane. I Ørsta har DL i ulike samanhengar og i ulike arenaer i sum formidla tilbod til slike etablerte anlegg:

To anlegg i Strandgata med 60 pluss 24 abb. Eit på Øvreplassen med 27, eit i Støylane / Støylevegen med 28, Smiebakkane med 26 og Prestegardsmarka med 30 abb. I sum seks anlegg fordelt på 195 abonnentar.

I Volda er langt fleire anlegg enn i Ørsta bygde ut, så der er ikkje lista over «ikkje svar» så lang. Men vi har fortsatt ikkje fått svar frå Heltnevollen med 24 abb og der burde vore bygt ut anlegg i Askevegen med 34 abb.

Nokre nye anlegg er under planlegging i begge kommunane, men der er entreprenørane innforstått med at dei må ta kostnaden sjølv. Det gjeld Gamlevegen i Volda der det er planlagt med nedgrave anlegg, Rystene Panorama i Ørsta der vi leverte eit nytt anlegg i veke 45. Vidare planlegger Tømrarservice AS eit anlegg på Ose i Ørsta.

I tilrådinga legg eg opp til at det som er gjort vert ført i næringsrekneskapen. Dersom MD gjer om vedtaket sitt, vert det eventuelt tilbakeført.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Vedlegg: Sak 29-18.

Utskrift frå revisjonsrapport i SSR for det som vedkjem nedgrave løysingar.

Sak 29-18 – saksutgreiing.

I strategi og handlingsplan for VØR står det eit punkt om at VØR skal arbeide for reduksjon av transport i høve 2010, der eit av verkemiddela er å gå over til fleire nedgravne anlegg. Vi ser at dette punktet greier vi ikkje å leve opp til. Det er heilt stopp i etterspørsel av nye anlegg i eksisterande bustadområde. Utan å lukkast her, når vi ikkje måla som er vedtekne.

I sak 38-17 gjorde styret slikt vedtak for å stimulere til auka utbygging av nedgravne anlegg:

1. Styret ber om at det vert teke kontakt med sameiger i eksisterande bustadområde der det ligg til rette for nedgravne anlegg, med sikte på å få minst 125 brønner i drift dei neste åra. VØR tar kostnaden med betongelement, innsats og montering av anlegga.
2. Investering innafor budsjett 2018.

Vedtaket var gjort i medhald av forskriftene § 2, tredje ledd, der har styret fullmakt frå kommunestyra til å gi nærare retningslinjer for gjennomføring av avgjerdene i forskrifta

Etter det har Volda Kommune bygd ut 28 brønner fordelt på 6 anlegg knytt til bustader og Øyra skule.

I samband med nye bustadprosjekt har Norgeshus bygt ut 4 brønner i Ørsta. Tømrarservice 4 i Volda. Det er utbygt 4 brønner av eit sameige på Øvre Mo i Ørsta.

Det er vidare sett ned seks brønner i Håmyra og på fire på Øvre Mo av Norgeshus. Disse vert neppe tatt i bruk før nærare jul. Totalt 50 brønner innan utgangen av 2018.

Interessa vidare har stoppa heilt opp for etablerte bustadområder. Då vil det verte år 2030 før ein når 125 brønner som er målet i vedtaket frå 2017.

Det utbygginga stoppar på, er at det vert for dyrt for sameiga. Byggesak, graving og etterarbeid kjem raskt over kr 25.000,- pr. brønn.

Hos SSR tar renovasjonsselskapet heile kostnaden. Det synes eg er å gå for langt. Det er viktig at der er eigarskap i sameiga, slik at anlegga og området rundt vert helde ved like.

Min tilbakemelding til styret er at dette får vi ikkje til utan bruk av sterkare verkemiddel.

Eg rår derfor til å endre punkt 3 første ledd som gjeld nye utbyggingar der reguleringsføresegnene fastsetter renovasjonsmetode. Der ber eg om at vedtektene vert endra slik at dette vert å dekkje av utbyggjar.

I punkt 5 i retningslinene som gjeld etablerte bustadområder, tilrår eg at VØR tar eit større ansvar. Tilskotssatsen vert å fastsette av styret i eige vedtak.

Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Vedlegg 2: Frå revisjonsrapporten i SSR

Nedgravde løysingar

Det er miljødirektoratet som skal kunne gi utfyllande informasjon om tolkning av regelverket vedk berekning av kommunale avfallsgebyr. Vi har innhenta uttale derifrå som konkluderar slik:

« Vi er imidlertid enige i at det er naturleg at nedgravde løysningar for avfallstømming (tanker etc.) betales av utbygger/anleggseier, mens kostnader til tømmingen belastes renovasjonsgebyret. Forurensningsloven § 34 første ledd slår fast at kommunen skal fastsette gebyrer til dekning av kostnader forbundet med avfallssektoren, herunder innsamling, transport, mottak, oppbevaring, behandling, etterkontroll m.v. Kostnadene skal fullt ut dekkes inn gjennom gebyrene. Bestemmelsen må nok forstås slik at det er mer ordinære og nødvendige kostnader til innsamling som skal dekkes av avfallsgebyret. Dvs. at ordinære oppsamlingsenheter (søppelkasser etc.) skal dekkes, mens utbygging av kostbare, nedgravde anlegg ikke dekkes av gebyret»

Med bakgrunn i uttalen får direktoratet har vi endra rapporten

Sjølvkostfond til drift

Når selskapet belastar investeringskostnader i drifta (jfr neste punkt) vert den direkte konsekvensen at ein brukar sjølvkostfondet til å finansiere investeringar noko som er i strid med regelverket.